



RYDLANDSVÅGVEGEN SA
Seimsstranda 502
5912 SEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Terje Natland, 5557 2168

Tilsegn om ytterlegare tilskot - Landbruksveg - Lindås kommune - Svekanen skogsveg - Johannes Hopland - ref. FMHO 13/2091

Viser til Dykkar søknad om tilskot til Svekanen skogsveg klasse 4 datert juni 2017 og brev herifrå 3.04.2018 og 27.12.2018.

Vedtak

Fylkesmannen gjev med dette tilsegn om ytterlegare kr 400.000,- til Svekanen skogsbilveg. Løyvinga står ved lag fram til 1.04.2021

Merknad

- Veglaget har oppgjeve ein kostnad for vegen på kr. 3.000.000.- dette gjev ein meterpris på kr 1.648.-. Dette er høgt, men innanfor (om lag 25 % over) vanleg kostnad i fylket.
- Veganlegget er sett opp med 100 % skogdel.
- Fylkesmannen godkjenner ein vegkostnad på kr 3.000.000.- for dette anlegget som grunnlag for tilskot på inntil kr 1.800.000.-
- Tilskotet vert gjeve med inntil 60 % av godkjente kostnader.
- Dette veganlegget har i følgje søknaden ein totalkostnad på kr 3.000.000,-. Det er ikkje nok midlar på budsjettet for 2018 til dekking av heile anlegget. Og det vert med dette løyvd ytterlegare kr 400.000,- til anlegget.
- Veganlegget er med dette løyvd kr 1.500.000,-
- Fylkesmannen vil følgja opp med nye løyvingar **når og om** Landbruksdirektoratet løyver meir tilskotsmidlar til skogsvegbygging i Hordaland og etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram. Fylkesmannen i Hordaland har ingen økonomiske pliktar overfor veglaget om det ikkje vert løyvd midlar til skogsveg i framtida.
- Veglagsformann er ansvarleg for at innhaldet i løyvingsskrivet blir gjort kjent for deltakarane i veglaget
- Det vert vist til: «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i landbruket, §5 Tilskudd til veibygging».



- Og til: «Overordna retningslinjer for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Vestland» fastsett av fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga gjeldande frå 1.02.2019.

Vilkår

- Veglagsformannen er ansvarleg for at vegen vert bygd etter dei krav som er sett til den vegklasse det er gjeve løyve og tilskot til.
- Veglagsformannen pliktar å sjå til at vegen vert vedlikehalden til den standard den opphavleg vart bygd i.
- Fylkesmannen viser til Skoglova og rundskriv til denne om skogeigar si plikt til å forynge skog etter hogst.
- Finn andre at dei kan nytta vegen til skogsdrift, skal dei ha rett til det, anten ved å kjøpa seg inn i vegen, eller betala leige.
- Skogareal som vert hogd blir tilfredsstillande forynga, slik at det vert drive eit utholdande skogbruk i området.
- Veglaget skal leggje fram byggjeplan godkjent av kommunen før tilskot vert gjeve.
- Det skal ligge føre anbud og normalkontrakt for bygging av landbruksveg som grunnlag for tilskot.
- Vegen skal godkjennast før grusing

Utbetaling

- Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 1.04.2021
- Veglagsformann er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema for rekneskapssamandrag.
- Deler av tilskotet kan betalast ut etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram
- Siste 10% av løyvinga vert ikkje betalt ut før veganlegget er ferdig godkjent
- Sluttutbetaling vert gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapen er revidert på føreskriven vis.

Dette vedtaket kan klagast på, sjå forvaltningslova § 29. Eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet og skal sendast FMLA seinast 3-tre-veker etter at dette brevet er motteke.

Med helsing

Christian Rekkedal
Landbruksdirektør

Terje Natland
fylkesskogmeister

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ

